

**Prøysen-dominans i avslutninga**

20.12.2014

**Uskedelingane nølar ikkje når det gjeld å ta ein tur til dei austlige delar av landet, korkje med bil eller verbalt. Soleis var det Prøysen-dominans under skuleavslutninga denne gongen, i høve av at griskokken som vart heile landets visefar vart fødd for 100 år sidan. Dei fleste av klassane hadde eit Prøysen-innslag i programmet som vart avvikla i hallen.**

Utan å setja opp noko rangliste er det grunn til å nemna at sjetteklassingane hadde stor suksess med Snikkar Andersen. Fyrsteklassa song Musevisa og femteklassa eit poutporri med Prøysensongar for å nemna nokre andre døme. Elevane skal ikkje minst berømmast for at dei var så flinke på hedemarksdialekt!

Det var ikkje matsservering denne gongen, men juletrégongen var sjølvstekt ikkje forsømt. Den vart akkompagnert av Kristian Bringedal på piano.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen